

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3.etasje i fylkeshuset, Bergen
Dato: 17.03.2016
Tidspunkt: 11.00-15.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Parti | Merknad |
|-----------------------------|--------------------|-------|---------------|
| Anne Gine Hestetun | Fylkesordførar | A | Til kl. 14.30 |
| Sveinung Valle | Medlem | A | |
| Kari Sørensen Bernardini | Medlem | A | |
| Mari Klokkestuen Kjellesvik | Medlem | A | |
| Helge Nævdal | Medlem | A | |
| Mona Røsvik Strømme | Medlem | H | |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H | |
| Nils Marton Aadland | Medlem | H | |
| Terje Søviknes | Medlem | Frp | |
| Silje Hjemdal | Medlem | Frp | Frå kl. 11.10 |
| Pål Kårbø | Fylkesvaraordførar | KrF | |
| Benthe Bondhus | Medlem | Sp | |
| Aud Karin Oen | Medlem | SV | |
| Tom Sverre Tomren | Medlem | MDG | |

Følgjande medlem hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Parti |
|--------------------|----------|-------|
| Anne-Beth Njærheim | Medlem | V |

Følgjande varamedlem møtte:

| Namn | Møtte for | Parti |
|-----------------------|--------------------|-------|
| Geir Kjell Andersland | Anne-Beth Njærheim | V |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|-------------------------------|--|
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann |
| Ingrid Kristine Holm Svendsen | Fylkesdirektør økonomi og organisasjon |
| Sissel Øverdal | Regionleiar, opplæringsavdelinga |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør samferdsel |
| Per Morten Ekerhovd | Kst. fylkesdirektør kultur og idrett |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør regional utvikling |
| Oddmund Sylta | Direktør, Skyss |
| Janne Værnø | Kommunikasjonsdirektør |
| Sigrid Helene Aardal | Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet |
| Anita Fjellheim | Spesialkonsulent, fylkessekretariatet |
| Gro Stien Thorvaldsen | Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet |

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|------------------|---|-----------------|--------|
| PS 74/16 | Godkjenning møteinnkalling | | |
| PS 75/16 | Godkjenning møtebok førre møte | | |
| PS 76/16 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 50/16 | Større saker til politisk behandling 2015-2019 | 2015/10845 | |
| RS 51/16 | Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. mars 2016 | 2015/10348 | |
| RS 52/16 | Status verbalpunkt budsjett 2016 | 2015/5430 | |
| RS 53/16 | Svar på oversendingsforslag i samband med fylkesutvalssak 5/2016 | 2014/19309 | |
| RS 54/16 | Svar på spørsmål vedk. minoritetspråklege elevar | 2016/2837 | |
| RS 55/16 | Riksantikvaren ber om satsing på fredningsarbeidet | 2014/651 | |
| RS 56/16 | Fylkeskommunene sitt Akvakultursamarbeid - FAKS | 2016/2291 | |
| RS 57/16 | Brev fra Samferdselsdepartementet med bestillingen for arbeidet med KVU E 134 Gvammen - Vågsli og KVU rv. 7 / rv. 52 Voss - Gol | 2014/16667 | |
| RS 58/16 | Protokoll frå styremøte i Norsk Gassforum 20. jan. 2016 | 2016/2005 | |
| PS 77/16 | Delegerte saker | | |
| DS 2/16 | Låneopptak 2016 - I | 2016/2314 | |
| PS 78/16 | Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 1 – 2016 | 2016/2297 | |
| PS 79/16 | Tilskot til opposisjonsgruppene - budsjettendring | 2015/3679 | |
| PS 80/16 | Belønningsordninga - auka økonomiske rammer for 2016 | 2014/10571 | |
| PS 81/16 | Regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen | 2015/12222 | |
| PS 82/16 | Omklassifisering av gamle fv. 46 til Herøysund i Kvinnherad kommune | 2014/11976 | |
| PS 83/16 | Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2015 | 2014/278 | |
| PS 84/16 | Søknad om tilskot til kjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane | 2016/671 | |
| PS 85/16 | Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - status og vidare framdrift | 2014/1512 | |
| PS 86/16 | Felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet | 2016/1390 | |
| PS 87/16 | Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane /Den kulturelle skolesekken i ny nasjonal etat | 2016/2594 | |
| PS 88/16 | Val av representantar til kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter | 2016/2491 | |
| PS 89/16 | Representasjon til styringsgruppa til Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram Kystskogbruket | 2016/1725 | |
| PS 90/16 | Barn som lever i fattigdom | 2015/12196 | |
| PS 91/16 | Ymse | | |

PS 74/16 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Fylkesordføreren orienterte om følgjande:

| Ettersendingar som var lagt på ePolitiker | Ettersendt |
|--|------------|
| • Innstillingane frå utvala for miljø og samferdsel og opplæring og helse 10. mars | 14. mars |
| • Innstillingane frå utval for kultur, idrett og regional utvikling 16. mars | 17. mars |
| • E-post frå Tom Knudsen, NHO, og Roger Pilskog, LO, om omstillingsmidlar | 17. mars |

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 75/16 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 24.-25.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 76/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Mona Røsvik Strømme (H) viste til RS 55/16 "Riksantikvaren ber om satsing på fredningsarbeidet" og spurde om kor mange gjenståande saker det er for Hordaland fylkeskommune. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at det p.t. er 5 uavslutta saker.

Helge Nævdal (A) viste til RS 54/16 "Svar på spørsmål vedk. minoritetsspråklege elevar" spurde kvar innføringskurs er planlagt. Regionleiar Sissel Øverdal svarte at det vert arbeidd med problemstillinga saman med aktuelle kommunar, men at resultatet ikkje er klart endå. Både utval for opplæring og helse og fylkesutvalet vil få tilbakemelding når spørsmålet er avklart.

Aud Karin Oen (SV) viste til RS 50/16 "Større saker til politisk behandling 2015-2019" og etterspurde status for Fana gymnas/tilrettelagte arbeidsplassar. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) og **Pål Kårbø (KrF)** viste til RS 56/16 "Fylkeskommunene sitt Akvakultursamarbeid – FAKS", og sette på vegner av MDG, KrF, A, Sp, SV, V, Frp og H fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføreren:

"Ber fylkesordføreren leggje til rette for ei temasamling på området akvakultur:

Fylkesutvalet ber om ei brei orientering om forvaltningsmandat, ansvarsfordeling mellom ulike nivå og utvikling/utfordringar innan oppdrettsnæringa, herunder ny teknologi som t.d. "lukka anlegg"."

Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Tomren og Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

PS 77/16 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Vedtak

Delegert sak 2/16 vart referert.

PS 78/16 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 1 – 2016

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|--------|------------|--------|--|--------------------------|--------------------------|
| 10 | 646.020.00 | 02301 | 02139 Os vgs.–Sveise og haudaulikkverkstad | 26 000 000 | |
| 10 | 658.020.00 | 02301 | 02151 Stend vgs. – Endra bruk dyreklinikk | 4 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02301 | 00208 Universell utforming | 20 000 000 | |
| 10 | 777.021.00 | 02301 | 03000 Rehab/ombygg./tilbygg | | 50 000 000 |
| | | | | 50 000 000 | 50 000 000 |

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.03.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|--------|------------|--------|--|--------------------------|--------------------------|
| 10 | 646.020.00 | 02301 | 02139 Os vgs.–Sveise og haudaulikkverkstad | 26 000 000 | |
| 10 | 658.020.00 | 02301 | 02151 Stend vgs. – Endra bruk dyreklinikk | 4 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02301 | 00208 Universell utforming | 20 000 000 | |
| 10 | 777.021.00 | 02301 | 03000 Rehab/ombygg./tilbygg | | 50 000 000 |
| | | | | 50 000 000 | 50 000 000 |

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| K.stad | Art | Prosj. | Tekst | Meirutg./ mindreinnt. | Mindreutg./ meirinnt. |
|--------|------------|--------|---|--------------------------|--------------------------|
| 10 | 646.020.00 | 02301 | 02139 Os vgs.–Sveise og haudaulikkverkstad | 26 000 000 | |
| 10 | 658.020.00 | 02301 | 02151 Stend vgs. – Endra bruk dyreklinikk | 4 000 000 | |
| 10 | 777.025.00 | 02301 | 00208 Universell utforming | 20 000 000 | |
| 10 | 777.021.00 | 02301 | 03000 Rehab/ombygg./tilbygg | | 50 000 000 |
| | | | | 50 000 000 | 50 000 000 |

PS 79/16 Tilskot til opposisjonsgruppene - budsjettendring

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at budsjettposten Tilskot til opposisjonsgrupper vert auka med kr 81 000 som følge av at SV vert rekna med i denne partigrupperinga.

Budsjettposten til rådvelde for fylkesutvalet vert redusert med same sum.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Pål Kårbø (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A, SV, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

"Tillegg:

Det vert gjort ei liknande løyving for tida frå oktober 2015 og ut året. For 3 representantar utgjorde dette 17.491,-."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner at budsjettposten Tilskot til opposisjonsgrupper vert auka med kr 81 000 som følge av at SV vert rekna med i denne partigrupperinga.

Det vert gjort ei liknande løyving for tida frå oktober 2015 og ut året. For 3 representantar utgjorde dette 17.491,-.

Budsjettposten til rådvelde for fylkesutvalet vert redusert med same sum.

PS 80/16 Belønningsordninga - auka økonomiske rammer for 2016

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 7. januar 2016, om auka økonomiske rammer til belønningsordninga i 2016, og søker med dette om ekstra midlar til finansiering av følgjande tiltak:

| Prioritet | Prosjekt/tiltak | Søknad om finansiering |
|-----------|--|---------------------------|
| 1. | Drift av kollektivtransporten | 30 mill. kr |
| 2. | Snarvegane generelt; gangveg til haldeplass | 10 mill. kr |
| 3. | Opprusting av haldeplassar til universell utforming og | 10 mill. kr |

| | | |
|------------|---|-------------|
| | sanntid på kommunal og fylkeskommunal veg | |
| 4. | Automatisk passasjertelling i buss og bane | 5 mill. kr |
| 5. | Sykkeltrese mot Nordnes (Nordnesruten) – delbidrag til finansiering | 9 mill. kr |
| 6. | Sykkelbyavtale Bergen | 2 mill. kr |
| 7. | Drift av kollektivtransporten | 10 mill. kr |
| 8. | Trolleybuss; forlenging og oppgradering | 5 mill. kr. |
| Sum søknad | | 81 mill. kr |

2. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming, av tidlegare innsendt årsrapport for 2015 og denne søknaden om ekstra tildeling, for at det kan settast i gang forberedande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 7. januar 2016, om auka økonomiske rammer til belønningsordninga i 2016, og søker med dette om ekstra midlar til finansiering av følgjande tiltak:

| Prioritet | Prosjekt/tiltak | Søknad om finansiering |
|------------|--|------------------------|
| 9. | Drift av kollektivtransporten | 30 mill. kr |
| 10. | Snarvegane generelt; gangveg til haldeplass | 10 mill. kr |
| 11. | Opprusting av haldeplassar til universell utforming og sanntid på kommunal og fylkeskommunal veg | 10 mill. kr |
| 12. | Automatisk passasjertelling i buss og bane | 5 mill. kr |
| 13. | Sykkeltrese mot Nordnes (Nordnesruten) – delbidrag til finansiering | 9 mill. kr |
| 14. | Sykkelbyavtale Bergen | 2 mill. kr |
| 15. | Drift av kollektivtransporten | 10 mill. kr |
| 16. | Trolleybuss; forlenging og oppgradering | 5 mill. kr. |
| Sum søknad | | 81 mill. kr |

2. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming, av tidlegare innsendt årsrapport for 2015 og denne søknaden om ekstra tildeling, for at det kan settast i gang forberedande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Mona Røsvik Strømme (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 1, prioritet nr. 2:
Innfartsparkering – 10 mill. kr."

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

"Subsidiært, dersom forslaget frå Strømme fell.
Nytt punkt 9:
Innfartsparkering – 10 mill. kr."

Røysting

Strømme sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.
Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 7. januar 2016, om auka økonomiske rammer til belønningsordninga i 2016, og søker med dette om ekstra midlar til finansiering av følgjande tiltak:

| Prioritet | Prosjekt/tiltak | Søknad om finansiering |
|------------|--|------------------------|
| 1. | Drift av kollektivtransporten | 30 mill. kr |
| 2. | Snarvegane generelt; gangveg til haldeplass | 10 mill. kr |
| 3. | Opprusting av haldeplassar til universell utforming og sanntid på kommunal og fylkeskommunal veg | 10 mill. kr |
| 4. | Automatisk passasjerteljning i buss og bane | 5 mill. kr |
| 5. | Sykkeltrase mot Nordnes (Nordnesruten) – delbidrag til finansiering | 9 mill. kr |
| 6. | Sykkelbyavtale Bergen | 2 mill. kr |
| 7. | Drift av kollektivtransporten | 10 mill. kr |
| 8. | Trolleybuss; forlenging og oppgradering | 5 mill. kr |
| 9. | Innfartsparkering | 10 mill. kr |
| Sum søknad | | 91 mill. kr |

2. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming, av tidlegare innsendt årsrapport for 2015 og denne søknaden om ekstra tildeling, for at det kan settast i gang forberedande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka.

PS 81/16 Regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen

Forslag til innstilling

1. Framlegg til regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen vil inngå i arbeidet med trafikkplan for Nordhordland, som del av førebuing til nytt bussanbod i området.
2. Trafikkplan Nordhordland vil bli lagt fram til politisk handsaming hausten 2016.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Framlegg til regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen vil inngå i arbeidet med trafikkplan for Nordhordland, som del av førebuing til nytt bussanbod i området.
2. Trafikkplan Nordhordland vil bli lagt fram til politisk handsaming hausten 2016.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Nils Marton Aadland (H) sette på vegner av H, Frp, V, MDG, SV, KrF, Sp og A fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje vekt på resultatane som kjem fram i brukarundersøkinga i den vidare ruteplanlegginga."

Røysting

Innstillinga med Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Framlegg til regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen vil inngå i arbeidet med trafikkplan for Nordhordland, som del av førebuing til nytt bussanbod i området.

2. Trafikkplan Nordhordland vil bli lagt fram til politisk handsaming hausten 2016.
3. Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje vekt på resultatane som kjem fram i brukarundersøkinga i den vidare ruteplanlegginga.

PS 82/16 Omklassifisering av gamle fv. 46 til Herøysund i Kvinnherad kommune

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek følgjande statusendring:

Fylkesveg 46 frå kryss med fylkesveg 48 til Herøysund kai, lengde 645 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek følgjande statusendring:

Fylkesveg 46 frå kryss med fylkesveg 48 til Herøysund kai, lengde 645 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek følgjande statusendring:

Fylkesveg 46 frå kryss med fylkesveg 48 til Herøysund kai, lengde 645 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.

PS 83/16 Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2015

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2015 til orientering.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 10.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2015 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkesutvalet ber om å få utarbeidd tal på kva det kostar for bussar å stå i kø."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag fekk 10 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2015 til orientering.

Fylkesutvalet ber om å få utarbeidd tal på kva det kostar for bussar å stå i kø.

PS 84/16 Søknad om tilskot til kjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150.000

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150.000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 150.000 i tilskot til Friluftsrådet Vest til innkjøp av arbeidsbåt til Fitjarøyane.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.450.00.14700 Tilskot til friluftsføremål aukar med kr 150.000

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 150.000

PS 85/16 Regional plan for areal- og transport på Haugalandet - status og vidare framdrift

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland vel «X» som representant, og «Y» som vararepresentant for Hordaland fylkeskommune i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Sveinung Valle (A) gjorde framlegg om Kjetil Hestad, A, som representant i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

Terje Søviknes (Frp) gjorde framlegg om Sigbjørn Framnes, Frp, som vararepresentant.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Valle og Søviknes sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland vel Kjetil Hestad, A, som representant og Sigbjørn Framnes, Frp, som vararepresentant for Hordaland fylkeskommune i styringsgruppa for Regional plan for areal- og transport på Haugalandet.

PS 86/16 Felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til samarbeidet med Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal slik det er skissert.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å etablere styringsgruppa og starte opp prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin representant i styringsgruppa blir prosjektansvarleg/fylkesdirektør for regional utvikling.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Sveinung Valle (A) sette på vegner av A, SP, KrF, SV, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

"Alternativ til innstillinga:

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til samarbeidet med Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal slik det er skissert.

Det er ein føresetnad at arbeidet skal organiserast med ei styringsgruppe (politisk) og ei prosjektgruppe (administrativ).

2. Styringsgruppa som skal ha det overordna styrings og koordineringsansvaret får slik samansetjing:

Dei seks fylkesordførarane med fylkesordfører i Hordaland som leiar.

LO, NHO, NAV, IN og UH-sektoren peikar ut ein representant kvar.

3. Under føresetnad av pkt.1 og 2, gjev fylkesutvalet fylkesrådmannen fullmakt til å etablere prosjektgruppa og starte opp prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin representant i prosjektgruppa, vert prosjektansvarleg/fylkesdirektør for regional utvikling."

Røysting

Valle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til samarbeidet med Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal slik det er skissert.

Det er ein føresetnad at arbeidet skal organiserast med ei styringsgruppe (politisk) og ei prosjektgruppe (administrativ).

2. Styringsgruppa som skal ha det overordna styrings og koordineringsansvaret får slik samansetjing:

Dei seks fylkesordførarane med fylkesordfører i Hordaland som leiar.

LO, NHO, NAV, IN og UH-sektoren peikar ut ein representant kvar.

3. Under føresetnad av pkt.1 og 2, gjev fylkesutvalet fylkesrådmannen fullmakt til å etablere prosjektgruppa og starte opp prosjektet. Hordaland fylkeskommune sin representant i prosjektgruppa vert prosjektansvarleg/fylkesdirektør for regional utvikling.

PS 87/16 Hordaland fylkeskommune og Rikskonsertane /Den kulturelle skolesekken i ny nasjonal etat

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatarar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100% kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.

8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatarar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune legg vekt på at forholdet mellom etaten og regionalt ledd må pregast av tillit og ansvar, med stor grad av regionalt sjølvstyre.
2. Den nye nasjonale etaten må ta omsyn til den særlege rolla Hordaland har som ein av dei sterkaste kulturregionane i Noreg.
3. Ein ny nasjonal etat må syte for at elevar i byar og eit vidare omland i størst mogleg grad får eit likt tilbod. Omfang og konsekvensar av eit eige storbyopplegg og ordninga med 100 % kommunar må vurderast nøye.
4. Ein ny nasjonal etat må bidra til at Hordaland får presentere breidda og mangfaldet av kunstnarar som har sitt virke i dette fylket.
5. Ein ny nasjonal etat må vere eit organ som kan utvikle verdien av dei estetiske faga i skulen.
6. Ein ny nasjonal etat må arbeide fram ein felles honorarpolitikk i samarbeid med kunstnarorganisasjonane.
7. Ein ny nasjonal etat må forenkle kompliserte rapporteringssystem.
8. Ein ny nasjonal etat må vere eit ressurs- og kompetansesenter for produsentar og koordinatarar i fylkeskommunane, og syte for lik tilgang på ressursar på landsbasis.
9. Ein ny nasjonal etat må ha fokus på kvalitet og kvalitetsutvikling i tett samarbeid med fylkeskommunane og skulesektoren.
10. Ein ny nasjonal etat må løyse opp grenser mellom kunstuttrykka, men også ivareta det einskilde uttrykket sin eigenart.
11. Ein ny nasjonal etat må styrke samspelet mellom skule- og kultursektor.

PS 88/16 Val av representantar til kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter

Forslag til vedtak

For valperioden 2015- 2019 nemner fylkesutvalet opp følgjande medlemmer og varamedlemmer til Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter i Hordaland:

Medlemmer:

1:..... (leiar)

2:.....

Varamedlemer:

1:

2:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Sveinung Valle (A) gjorde framlegg om Kari Sørensen Bernardini, A, som leiar og Daniel Charles Hextall, SV, som 1. varamedlem i Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter i Hordaland.

Mona Røsvik Strømme (H) gjorde framlegg om Christer Lilleskare Olsen, H, som medlem.

Geir Kjell Andersland (V) gjorde framlegg om Tom Sverre Tomren, MDG, som varamedlem.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Valle, Strømme og Andersland sine forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

For valperioden 2015-2019 nemner fylkesutvalet opp følgjande medlemer og varamedlemer til Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter i Hordaland:

Medlemer:

1. Kari Sørensen Bernardini, A (leiar)
2. Christer Lilleskare Olsen, H

Varamedlemer:

1. Daniel Charles Hextall, SV
2. Tom Sverre Tomren, MDG

PS 89/16 Representasjon til styringsgruppa til Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram Kystskogbruket

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet oppnemner ... som folkevalt representant til styringsgruppa for Felles Fylkeskommunalt oppfølgingsprogram.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Sveinung Valle (A) gjorde framlegg om Helge Nævdal, A, som representant til styringsgruppa for Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram.

Terje Søviknes (Frp) gjorde framlegg om Silje Hjemdal, Frp, som vararepresentant.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Valle og Søviknes sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Fylkesutvalet oppnemner Helge Nævdal, A, som folkevalt representant og Silje Hjemdal, Frp, som vararepresentant til styringsgruppa for Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram

PS 90/16 Barn som lever i fattigdom

Forslag til instilling

Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.03.2016

Dan Femoen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Nytt pkt. 2: Hordaland fylkeskommune skal særleg følgje opp desse punkta i Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom:

1. Tiltak 24: Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring
2. Tiltak 31: Tiltak mot barnefattigdom innan frivillig arbeid
3. Tiltak 45: Program mot sosial ulikskap i tannhelse
4. Tiltak ??: Mobbing

Solbjørg Marjala sette fram følgjande oversendingsforslag

«OPHE tar saka til etterretning og legger til grunn at det blir tatt hensyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom planlegging og tilrettelegging av HFK sine tenester. Ein arbeidsgiverpolitikk fra fylkeskommunen som bidrar til kvalifisering og inkludering, hindrer uønsket deltid og motvirker utestenging fra arbeidslivet vil være et bidrag til å redusere tallet på lavinntektshushold og slik forebygge barnefattigdom. Det samme gjelder for utdanning. HFK bør legge til rette for at vidaregåande utdanning tilpasses og imøtegår det behovet som folk med minoritetsbakgrunn har slik at de får det tilbudet og den tilrettelegging som gjør at de som ønsker det kan få tatt vidaregåande utdanning»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Femoen og Marjala sine oversendingsforslag vart etter votering samrøystes vedteke oversendt fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

Geir Kjell Andersland (V) setter fram slikt fellesforslag:

«Nytt pkt. 2

Fylkesutvalet ber om at arbeid for barn og unge som lever i fattigdom blir en del av fylkeskommunenens regionale planstrategi.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Andersland sitt fellesforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.
2. Fylkesutvalet ber om at arbeid for barn og unge som lever i fattigdom blir ein del av fylkeskommunenens regionale planstrategi.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Kari Sørensen Bernardini (A) sette fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie innan kva for fylkeskommunale område det kan gjerast ein innsats i kampen mot barnefattigdom. Kva for tiltak kan gjerast? Kva vil det koste?"

Silja Ekeland Bjørkly sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Nytt punkt 2:

Hordaland fylkeskommune skal særleg følgje opp desse punkta i Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom:

1. Tiltak 24: Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring
2. Tiltak 31: Tiltak mot barnefattigdom innan frivillig arbeid
3. Tiltak 45: Program mot sosial ulikskap i tannhelse
4. Tiltak 22: Mobbing"

Silje Hjemdal sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"I forbindelse med sak om barn som lever i fattigdom, erkjenner vi at hovedansvaret ligger hos kommunene. Likevel er det viktig at Hordaland fylkeskommune legger til rette for gode tilbud for barn og unge.

Et godt eksempel på hvordan Hordaland fylkeskommune kan bidra, er å legge til rette for bruk av fylkeskommunale bygg ved ledig kapasitet. Dette skal i utgangspunktet være gratis for frivillige lag og organisasjoner, kultur, idrett osv. som retter seg mot barn og unge. Dette er for eksempel gymsaler, aulaer, idrettshaller o.l.

Fylkesutvalget oppfordrer også ledelsen i Hordaland fylkeskommune til å gå i dialog med kommuner om et godt tilbud på for eksempel kulturkortet. Et eksempel er bl.a. arbeidet som pågår i Bergen kommune med utviklingen av et rabattkort på kultur- og idrettsfeltet.

Det er også viktig at foreslåtte tiltak ikke virker stigmatiserende.

Saken burde også sendes ungdommens fylkesting for uttalelse."

Røysting

Innstillinga frå utval for idrett, kultur og regional utvikling punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken. Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.
2. Fylkesutvalet ber om at arbeid for barn og unge som lever i fattigdom blir ein del av fylkeskommunenens regionale planstrategi.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie innan kva for fylkeskommunale område det kan gjerast ein innsats i kampen mot barnefattigdom. Kva for tiltak kan gjerast? Kva vil det koste?

PS 91/16 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016

Fylkesordføreren ønskte Nils Marton Aadland (H) velkommen som fast medlem i fylkesutvalet for den tida Tom-Christer Nilsen har permisjon. Jf. vedtak i fylkestinget 09.03.2016, PS 23/16.

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 78-90/16.

OPEN TIME

Nils Marton Aadland sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet ber Statens vegvesen snarast leggje fram ein oppdatert kostnadsanalyse for ein eventuell indre trasé for E39 Hordfast."

Det var 13 representantar til stades.

Røysting

Aadland sitt forslag vart mot 2 røyster (Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Silje Hjemdal (Frp) stilte slikt spørsmål (a):

"Status Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt – skriftlig tilbakemelding."

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Silje Hjemdal (Frp) stilte slikt spørsmål (b):

"Statens evaluering superbussprosjektet. Ønsker orientering."

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Silje Hjemdal (Frp) stilte slikt spørsmål (c):

"Praksis for bruk av vaskebil i forbindelse med svevestøvsproblematikk."

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) bad om å få utgreidd høvet til å ha kjøtfrie måndagar i fylkeskommunen. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon opplyste at det i anbodet for ny kantinedrift i fylkeshuset er stilt krav om ein kjøtfri dag i veka.

Tom Sverre Tomren sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"MDG ber om en orientering om status på bruk av sanntidsapp som virkemiddel for å få ned klimagassutslippene".

Det var 13 representantar til stades.

Røysting

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføreren:

"Fylkesutvalet ber fylkesordføreren sende oppmoding til alle fylkeskommunalt oppnemnde styremedlemmer om å fokusera på felles ansvar for lærlingeplassar."

Det var 13 representantar til stades.

Røysting

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Silja Ekeland Bjørkly (H) bad om status m.o.t kven som evt. skal leige Fana gymnas og om fylkeskommunen må ta kostnadene med å vedlikehalde bygningsmassen dersom det vert utleige til skuleformål. Fylkesrådmannen svarte at det er to interessentar for leige, men at vurderingane knytt til utleige enno ikkje er ferdige. Dersom bygningsmassen må oppgraderast før utleige, vil kostnadene verte dekt gjennom leigeavtalen.

Silja Ekeland Bjørkly (H) påpeikte at verktøyet ePolitiker er litt komplisert, m.a. ved at alle innstillingane ikkje ligg i det samla dokumentet, men vert ettersende. Dei folkevalde må då veksle mellom fleire dokument når dei skal lese sakene. Det kan dessutan vere problem med å opne dokumenta. Ho kommenterte også at publikum som nyttar e-innsyn berre ser saksførelegga. Dei finn ikkje innstillingane frå utvala.

ORIENTERING

Fylkesrådmannen orienterte om problemstillingar knytt til at ein person har sendt ei rekkje e-postar med uakseptabelt innhald til mange folkevalde. Fylkesutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa med heimel i kommunelova § 31 punkt 4.